



Til [postmottak.planogbygg@bergen.kommune.no](mailto:postmottak.planogbygg@bergen.kommune.no)

Merknad til Nattlandsveien 150 AS, Saksnummer: Plan-2022/20644,  
Arealplan ID 70680000, Bergen Kommune

Me har gjort oss kjende med planane om oppføring av 70-80 bueiningar ved Nattlandsveien 152-154, og som representantar for naturverninteresser i Bergen vil me her formidla nokre merknader om prosjektet.

Først vil me gjerne framheva inntrykket vårt av eit godt planarbeid, der det er lagt vekt på å ta vare på naturverdiane i nordenden av planområdet. Å verna om det vesle me har igjen av slike grønne lunger i urbane strøk, har stor positiv innverknad på folkehelsa, noko óg [Helsedirektoratet understrekar](#): «Nærhet til grønne områder påvirker [...] helsen positivt ved å bidra til mindre stress, bedre mental helse, trivsel og økt levetid». Dette i seg sjølv meiner me er grunn god nok for å ta vare på mest mogleg av det aktuelle grøntområdet. Naturleg vegetasjon bidrar óg som kjent med viktige økosystemtenester, som å ta opp i seg utslepp frå biltrafikk – i dette tilfellet frå den sterkt trafikkerte Nattlandsveien.

Vidare er me glade for intensjonen om å avgrensa naturinngrepa til utjamning av terrengforskjellar i overgangen mellom ny bygningsmasse og eksisterande terreng. At den påtenkte gangstien får form av ein løfta trekonstruksjon, framfor å bli lagt inn i terrenget, er óg eit tiltak me stiller oss bak.

Når det gjeld vassdraget som renn gjennom området, er dette blant få frittrennande bekkeløp i nær tilknytning til bustadområde i Årstad bydel. Å sørge for at dette partiet av vassdraget framleis får renna på naturleg vis, vil sikra ein rikare nærnatur for bebruarane i området.

Me støttar difor heilhjarta det som framgår av fagnotatet, nemleg målet om «å bevare naturkvalitetene knyttet til vassdraget og dets kantvegetasjon», inkludert forekomsten av *liten ramsløkkflue*, som jo er ansvarsart for Bergen Kommune.

Den føreslåtte breidda på kantsona, 6 meter, synest me derimot verkar i minste laget.

**I fagnotatet og naturmangfaldsrapporten kjem det fram at *fuglelivet* i området er lite kartlagt.** Her har ein basert seg åleine på «offentlig tilgjengelig informasjon» (registreringar i Artsdatabanken, får me tru) og eit feltarbeid utført 23.06.21, der det vart observert «vanlige fuglearter som linerle og rødstrupe». Men vanlege fuglar treng óg å bli tatt vare på!

Det finst mange eksempel på artar som ein gong var talrike, men som i løpet av kort tid har forsvunne eller blitt kraftig desimerte. Me vil her visa til Birdlife International sitt mål om å *la vanlege fuglearter forbli vanlege* («keeping common birds common»).

Fagnotatet nemner vidare ein observasjon av fiskemåke, og utelukkar ikkje at arten kan hekka i området. Eg (Arne Hydle) har sjølv vore innom området to gonger no i april, og har begge dagar observert to individ, både ved bekken og overflygande<sup>1</sup>. Dette kan ha vore eit par på utkikk etter ein mogleg hekkeplass.

Fiskemåke er ein fugl som bergensarane ser rundt seg heile tida, men faktum er at arten er blitt fåtalig i det opphavlege leveområdet sitt ute ved kysten, truleg mest pga. redusert mattilgang. Difor har fiskemåken no status som *sårbar* på den norske raudlista for artar, og er blitt ein slags «klimaflyktning» i Bergen og andre norske byar. Me har dermed eit ekstra ansvar for akkurat denne arten her i Bergen! Når det så blir antyda i naturmangfaldsrapporten at fiskemåke godt kan tenkjast å hekka i plan- eller influensområdet, er dette eit viktig argument for å **utsetja høyringsfristen** til etter hekketida, slik at ein kan få undersøkt om det faktisk føregår hekking her – både av fiskemåke og andre artar.

På eit av besøka mine her observerte eg for eksempel eit stokkandpar på næringssøk i bekken innanfor planområdet. Ein skal ikkje sjå bort ifrå at dei óg har planar om framtidig hekking her! Feltarbeidet som vart gjort i 2021, fann stad då hekkesesongen var på hell.

Frå bebuarar i området har me elles fått rapportar om eit rikt fugleliv i lia ovanfor grøntområdet. Dette har eg sjølv fått bekrefta under mine korte rundar i området: Ved bekken og i det tilliggjande skogsområdet rett ovanfor grøntarealet – altså innanfor influensområdet – har eg kunna observera *vintererle*, *ringdue*, *kjøméis*, *svarttrost*, *kråke*, *skjære*, *blåmeis* og *gransongar*. Særleg vintererla er interessant; den hekkar berre fåtalig og spreidt i Noreg, og eg såg den på to ulike dagar – også ved bekken nede i sjølve planområdet. Det er ikkje usannsynleg at fuglen har fast tilhald her, sidan dette er eit typisk terreng for arten.

Til slutt vil me be om at ein eventuell anleggsperiode blir lagt utanom hekketida for fuglar. Dersom fuglar vert forstyrta i hekkinga, kan det føra til forlatne reir, og at fuglane ikkje vender tilbake for å hekka her påfølgjande år.

---

<sup>1</sup> Alle fugleobservasjonar som er nemnde i denne merknaden er lagt inn i [Artsobservasjoner](#).

For å konkludera, er det mykje som tyder på at grøntarealet i nordenden av planområdet kan ha stor verdi for fuglelivet i området.

**Me ber difor om at merknadsfristen blir utsett til etter hekketida i år, f.eks. til 30.06.26,** for slik å mogleggjera ei betre kartlegging av fuglelivet i tiltaksområdet og dermed oppnå eit breiare kunnskapsgrunnlag.

Me bidrar gjerne frå Naturvernforbundet si side til ei slik kartlegging.

Med venleg helsing



Helene Vacarisas

Styreleder Naturvernforbundet Bergen

Arne Hydle/s

Sakshandsamar – fugleobservatør i  
Naturmangfoldsgruppa Hordaland